

KYRKJEBLAD

B
PORTO BETALT
VED
INNLEVERINGSA
PÅ
NORGE / NORGE

FULLDISTRIBUSJON
RETURADRESSE:
Vullum Design as
Pb. 122, 6659 Rindal



Februar 2010

«- vi har sett og vitnar at Far har sendt Sonen til frelsar for verda.» 1.Joh 4,14

Nr. 1 - 70. årgang



Øre kyrkje. Foto PD

*Guds menighet er jordens største under!
Mens verdens skikkelse i hast forgår,
er Kristus i all evighet den samme,
og fast hans rike på sin klippe står.
Mens verdensriker stiger og de synker,
går kirken mot fullkommenhetens vår.*

*Så kommer dagen da alt hat skal smelte
som sne og is for sol og sommervær.
Da faller Satans makt, da skal hans velde
gi tapt for dem som strider i Guds hær.
Med jubel skal de høste hva de sådde
og salige få se ham som han er.*

*Å hellig håp! Å sanne, sikre løfte
fra ham som aldri skifter sinn og art!
Er natten lang, er kampen full av kvaler,
som morgenstjernen lyser løftet klart.
Det er Guds eget ord: Du skal ha trengsel,
men kjemp frimodig – se, jeg kommer snart!*

Ronald Fangen

70-årsjubileum

Dette året fyller Kyrkjebladet 70 år. Det er mange blad og publikasjonar som er eldre, men for eit lokalt kyrkjeblad er det ein høg alder. Og det ligg mykje arbeid og store visjonar bak.

«Vår levetid er sytti år, og åtti år, når styrken er stor,» står det i «Ei bøn av gudsmannen Moses». (Salme 90,10)

Men eit kyrkjeblad kan leva vidare i menneskealdrar etter menneskealdrar. Det kjem an på vilje til å sjå kor viktig eit slikt informasjonsforum er for kyrkje og menighet. Og det kjem an på skapartrong og skaparevne. Eit blad som når inn i meir enn 9.000 heimar er eit viktig kontaktledd mellom kyrkje og medlemar, og eit viktig informasjonsfora for kyrkjelydane.

Men er det ikkje i vår datatid eit utdøy-

ande gammeldags verktøy? Det eine utelet ikkje det andre, kyrkjebladet kan du også finne på nettet, men av og til kan det gamle vera best og ha klare fordelar.

Kyrkjebladet kjem til deg, nettet må du oppsøkjja. Eit blad kan du ha liggjande for å kika i når du treng det. Du kan kosa deg med det i godstolen og det er for alle aldrar, også dei som enno ikkje er «på nett».

Salmen «Guds menighet er jordens største under» vart skrive av den kjente diktaren og motstandsmannen Ronald Fangen i 1942, det året Kyrkjebladet for Indre Nordmøre vart stansa av okkupasjonsmakta. (Sjå siste side) Ronald

Fangen sat i nazistisk fengsel i 1940-41, som den første forfattar som vart fengsla. Han omkom i ei flyulukke etter krigen.





ØRE

Øre - Gjemnes

Kyrjekontoret 71 29 39 00
 Telefaks 71 29 38 28
 E-post sokneprest: petter.dahle@
 gjemnes.kommune.no
 Biletet: Øre kyrkje

Korjubileum

Første søndag i advent kunne Øre barne-gospelkor feire 10-årsjubileum. Dei song mange songar under gudstenesta – til stor glede og velsigning for kyrkjelyden. Ved kyrkjekaffien vart det servert jubileumskaker og brus.

Tekst: PD



Foto: GS

Lys Våken

Natt til 1.søndag i advent var det mange som overnatta i kyrkjer i Norge. I Øre kyrkje var vi også mange som hadde ei triveleg helg og samtidig gjorde klart til gudstenesta. Vi leikte, sang, åt, lærte, øvde og kosa oss, og slik fekk vi kjenne at det er godt å vere i kyrkja! Dessutan sov dei fleste nokre timar – det var ikkje så lett, men det gjekk! Nokre av dei som overnatta i kyrkja kunne ønske ei fullsett kyrkje velkomen til å vere saman om gudstenesta i vårt felles hus - og heimen vår – kyrkja. Og framleis var vi Lys Vakne – slik vi eigentleg må vere. Vakne for kvarandre, for verda og for Gud. Takk til alle som var med denne helga – deltakarar og leirrarar!

Tekst og foto: PD



Typisk lys vakne jenter



Marie les for heile flokken i alterringen.

«Det er fare for at noen av de mest grunnleggende kjennetegnene på genuin luthersk gudstjeneste er blitt borte i gudstjenestereformen. -- Den norske kirke er tjent med at en tar den tid som trengs for å fullføre et så viktig verk.» Andreas Aarflot, kirkehistoriker og tidligere biskop i Oslo



TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 03 03
 Telefaks 71 53 12 40
 E-post: post@kirken.tingvoll.no
 Biletet: Straumsnes kyrkje

Diktar og redaktør

Før Bernt Bø vart redaktør for Kyrkjebladet i 1988, var Eldrid Lausund redaktør eit år samtidig som ho var menighetssekretær på kyrkjekontoret i Tingvoll. Eilert Dehlin var da prestevikar medan Hjorthaug var i Amerika. Hjorthaug hadde fått oppretta sekretærstillinga på kyrkjekontoret.

Etter 10 år i skulen fekk Eldrid denne stillinga, som og innebar å redigera Kyrkjebladet, som også da var eit blad for Indre Nordmøre prosti. Ho skreiv ikkje dikt den gongen, slik ho gjer i dag, men laga også

sjølv noko stoff for bladet. Det var fordelt på prestane og andre å skriva leiarartiklar og andakt. Eldrid minnest at det alltid var plassmangel i bladet.

Ho meiner at bladet har utruleg stor verdi, og høyrer frå mange at dei er svært glade for å få Kyrkjebladet. Det er viktig med grei orientering om det som skjer, seier tidlegare redaktør Eldrid Lausund, som skriv mange dikt, også for Kyrkjebladet.

ERE

Leke gudstenesteleiarar

Laurdag 21. november hadde biskop Ingeborg Midttømme invitert alle leke gudstenesteleiarar til informasjon og rettleiing om tenesta ut frå uttalt ynskje om å rydda opp i bruken av uordinerte gudstenesteleiarar og prestevikarar. Etter hennar syn har kyrkja bruk for leke gudstenesteleiarar til å halda gudsteneste, så menighetene kan samlast om Ordet der det elles er for få prestar, men ikkje høgmesse, altså ikkje forvalta sakramenta.

Domprost Øystein Bjørndal var også med på møtet og orienterte om gudstenesta. Han poengterte at å forretta sakramenta (nattverden med innleiingsorda «Herren vere med dykk») låg under ordinasjonen.

Biskopen la vekt på at Den norske kyrkja har inngått ein forplikande internasjonal fellesskapsavtale med andre evangeliske kyrkjesamfunn, Porvoovtalen, der vi forpliktar oss til ikkje å la uordinerte forretta dåp og nattverd. Denne avtalen sa biskopen at ho ynskjer å forhalda seg lojalt til i sitt bispedøme. Avtalen forpliktar Den norske kyrkja til å slutta å gi fullmakt til dei som ikkje er ordinerte.

Trusopplæring

Trusopplæringsreformen skal no vidareførast ut til alle kyrkjelydar. Ein tek lærdom av dei prosjekta som er gjennomført og realisert med kreativitet og engasjement.

Rammeplanen «Gud gir – vi deler» trer i kraft frå i år.

Fra Hotell de tusen stjerner. Foto: OleT



Biskop Ingeborg Synnøve Midttømme

Over 20 medarbeidarar frå heile bispedøme var samla til møtet, og biskopen ynskjer å vidareføra dette med personlege samtalar, opplæring og godkjenning med fullmakt av leke gudstenesteleiarar.

Frå Indre Nordmøre prosti møtte to «prestevikarar». Den eine vil gå vidare mot ordinasjon, den andre har trekt seg etter 13 års teneste.

Tekst og foto: ERE



Stem strengar

*stem strengar til høgtid
 med ære over jord
 vektaren går framom
 forbi dei gamle spor
 og opnar sitt ansikt opp mot høgda*

*stem strengar til fridom
 sjå svalene som stig
 i kvitrande låtar
 gjer verda ny og rik
 med synsrand som skin i diamantar*

*plukk stjerner og knoppar
 som blømer i di hand
 det varme blodet renn
 som elvar langs ei strand
 kjenn livet som veks i milde tonar*

Eldrid Lausund, Tingvoll

Nytt bispekontor i Møre

Møre bispedømmekontor i Molde flytter frå ein gammel villa og inn i eit nytt kontorlokale i sentrum, i Romsdalskvartalet der også NAV, Molde kommune og Romsdals budstikke har kontor.

Flyttinga er grunnigitt i plassmangel.

Kulturrådgevar

Om eit år skal alle bispedøme ha kvar sin kulturrådgevar. I Møre bispedøme er John Erik Brakstad tilset. Han er 47 år, utdانا cand.mag i norsk litteratur og språk, historie og mediekunnskap. Har erfaring frå folkehøgskule og radio, Sjømannskyrkja og frå Kyrkja som kyrkjeverge i Vestnes. Skal vera brubyggjar mellom kyrkje og kultur i høve til den kulturelle skulesekken og dramaturgiske uttrykk etc.

Kyrkjeøkonomi

Møre biskop Ingeborg Midttømme har uttalt seg sterkt om at midlane frå staten til å løna prestane ikkje strekk til, noko som får støtte i heile bispekollegiet. Biskopen i Møre vil ha samtaler med kyrkjeministeren som meiner at kyrkja ikkje har hatt betre vilkår enn i dag, noko Midttømme meiner er bevisleg feil. Ho meiner at statsråden ikkje har forstått dette med prestestillingane og prostereformen som krev fleire stillingar.



SUNNDAL

Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 26 11
 Telefaks 71 69 25 44
 E-post: ekspedisjon@sunndal-
 kirke.no
 Bildet: Middelaldarkrusifiks,
 Romfo kyrkje

Ny kyrkjeverge i Sunndal

Ved nyttår starta Stig Rune Andreassen som dagleg leiar/ kyrkjeverge i Sunndal kommune. So langt er han full av lovord om sin nye arbeidsplass.

Det er eit breitt arbeidsfelt han har gjeve seg i kast med. Han er dagleg leiar for Fellestrådet si verksemd og har ansvar for drifta av kyrkjene og kyrkjegardane i kommunen.

- Eg har ansvar for at kyrkjene er i den stand dei skal vere og for at prestane får tilført tilstrekkeleg personell. So langt har eg vore og innsisert og fått mykje informasjon om kyrkjene og kyrkjegardane, og eg er i gang med personalsamtalar i tillegg til å setje meg inn i det som har med økonomi og budsjett å gjere, fortel Stig Rune.

Han skryt av kollegiet sitt, og omtalar Kyrkjetunet som «eit hus fyllt av humør».

- Det er viktig for meg at dei som arbeider her gler seg til å gå på arbeid. Vi må lære av kvarandre, understrekar han.

Han legg samtidig til at han har blitt tilsett i ein svært god arbeidsgivarorganisasjon, og er tilfreds med det opplæringsprogrammet Den Norske Kyrkja har for sine nye tilsette.

Politikar

Ved siste val vart Stig Rune satt inn som kommunen sin politiske representant i Fellesrådet. På den måten fekk han brei kjennskap til drifta av kyrkjene i kommunen. Då stillinga som dagleg leiar/ kyrkjeverge vart utlyst, var det fleire som meinte at han var den rette mannen for stillinga. Dermed vart vegen kort frå å vere politisk representant til å bli Fellesrådet sin leiar. Det betyr og at han er inhabil i dei situasjonene kor kyrkjesaker står på sakskartet i Økonomi og plan og i kommunestyret. Frå tidlegare var arbeidsbakgrunnen hans som dagleg leiar for

typografdrifta i Aura Avis, og han har og fleire år med fagforeiningsverksemd bak seg.

Noko Stig Rune allereie er i gang med å få til, er eit nettverk med dei omliggande kommunane sine kyrkjeverger. Som ny i stillinga, er det viktig å ha eit nettverk ein kan spørje og stø

So langt har Andreassen fått mykje informasjon om dei ulike arbeidsfelte frå Ildri Øyen og Lars Flatvad. Han rosar og den historiekunnskapen soknepresten sjølv, Helge Storset, sitt på.

Desse tre har gitt meg utruleg mykje informasjon om økonomi, drift og kyrkjehistorie så langt, noko eg set stor pris på.

Meir til drift

Andreassen er glad for at det har vorte tilført meir pengar til drift av kyrkjene no. I dei siste åra har det vorte eit vedlikehaldsetterslep, og det er mange bygningar som treng vedlikehald. Han understrekar kor viktig det er å ha eit godt program for dette feltet.

No er vedlikehaldet på Romfo kyrkje ferdig, og dei to store oppgåvene som står føre no, er renovering av tårnet i Ålvundeid



Stig Rune Andreassen overtar ansvaret for kyrkjene og kyrkjegardane i Sunndal etter Mette Boye.

kyrkje og utskrifting av takrennene på Hov kirke.

Eg meiner kyrkjene er nokre av dei viktigaste kulturminna som er i kommunen, og derfor er det viktig å ta vare på dei, avsluttar den nye kyrkjevergen i Sunndal kommune, Stig Rune Andreassen.

Tekst og foto: Ingunn Karijord

Mannsweekend

NMS arrangerer Mannsweekend på Phillipshaugen i Øksendal frå fredag kveld 12.februar til laurdag ettermiddag. Vert for samling er Arne Drøpping, som tek i mot påmeldingar (tlf.99715937). Med denne helga blir prost i Orkdal, Birger Foseide, og forfattar Erling Magnar Jørgensen.

Om programmet:

Mange kjenner Birger Foseide frå den tida han var prest og budde i Elnesvågen. Han er no prost i Orkdal. Både medan han budde her i Møre og no som trønder er han aktiv i Misjonsselskapet. Han skal både ha bibeltimane om Paulus, og ha ein misjonstime om Madagaskar.

Vi pleier å ha eit tema i tillegg til bibel- og misjonstime. I år skal vi dvele ved verda til kunsten. Erling Magnar Jørgensen er forleggar og forfattar. Han har skrive fleire bøker om ulike former for kunst. Han skal ta oss med på ei «reise» innan det vi har kalla «Kristen kunst gjennom 2000 år.»

Om framtida:

FNs klimapanel (IPCC) reknar med at havnivået i gjennomsnitt vil stige med mellom 9 og 88 cm fram til 2100. Dersom reknestykka treffer, vil det skape store utfordringar for menneske som bur i spesielt sårbare område. Familien Tran er éin av mange familiar som må førebu seg på fleire flaumar og meir ekstremvær.





Kommentaren

Lang og tru teneste i Surnadal

Det er nok mange i Surnadal som har sakna soknepresten sin siste haust. Trond Erik Hvam har etter ein del sjukefråver bestemt seg for å slutta som prest. Av helsemessige grunnar har avskjedsmarkeringane vore enkle, men dei tilsette og kyrkjeråda har sagt takk til Trond Erik for ei lang og tru teneste.

Vi vil også gjennom Kyrkjebladet få takka for alt det gode arbeid han har lagt ned som prest i 12-13 år. Det er eit stort prestegjeld for ein prest åleine, så det kunne sikkert vera tungt mange gonger, men han har fylgd folket i bygda gjennom sorg og

glede, i mange livssituasjonar, også i store ulukker og tragediar som har ramma, der han har stilt opp utan å spara seg. Og dei som samlast til gudsteneste har alltid fått trygg og solid bibelsk forkynning.

Han og Bente hadde også ein open heim sammen med dei tre gutane sine, Sondre, Eivind og Egil. Dei kunne ofte invitera til «kyrkjekaffe» og andre samlingar i den fine prestegarden.

Elles var dei ein del med på møter på bedehusa, der Trond Erik også var nytta som talar. Bente har vore med i bibelgruppe og Trond Erik var fast medlem i Rotaryklubben.

Bente har tatt sin del av tenesta, ikkje minst gjennom yngresarbeidet som ho dreiv i mange år ved sidan av at ho hadde jobb i skulen. Det var mange torsdagar ho samla borna til aktivitetar og trusopplæring på kyrkjelydshuset. Det låg mykje arbeid bak. Også Trond Erik var aktivt med i arbeidet for dei unge i ungdomsklubben.

Kyrkjebladet ynskjer dei lukke og signing vidare.

ERE

Kyrkjennytt

Ny salmebok

Etter ei stor og vid høyring om ny salmebok i Den norske kyrkja var konklusjonen på Kyrkjemøtet sist haust at det ikkje er grunnlag for å vedta ny Salmebok på Kyrkjemøtet 2010, slik plana var. Det trengs grundigare utgreiing og mange er generelt skeptiske til å få ny salmebok enno, men ønskjer heller å utarbeida nye tillegg, i bokform eller digitalt til projektorbruk eller for trykte program. Norsk Salmebok som vi brukar no er berre vel 20 år med tillegg frå 1997.

Ny salmebok er ein del av gudstenestereformen som tidlegast kan vedtas på Kyrkjemøtet 2011.

Gudstenestedeltaking

Julekvelden er den store kyrkjedagen i Den norske kyrkja. Omlag 13 % av alle nordmenn går i kyrkja julekvelden. Lierne kommune toppar statistikken. I Møre bispedøme er Sande kommune øvst på lista (29,5 % i 2008), i vårt prosti ligg Halså godt an med 26,7 % same år, medan Rindal er nederst i heile landet med 5,2 %.

Petter Dass- prisen

Prisen deles ut kvart år som ei anerkjening til ein person eller organisasjon som har medverka til å sameina folkeliv og tru på Gud og til å setja den kristne trua på dagsorden i samfunnet vårt, på ein jordnær og folkeleg måte i beste Petter Dass-ånd.

Prisen for 2009 gjekk til salmediktaren Svein Ellingsen som også fylte år i fjor og som har skrive salmar frå midten av 50-talet og har mange av sine eigne salmar og gjendiktningar i salmeboka vår. Han har m.a.skrive den mykje brukte dåpssalmen «Fylt av glede over livets under». Han er og biletkunstnar og har hatt mange viktige verv, m.a.medlem av salmebokkomiteen for Norsk Salmebok.

Svein Ellingsen er også i slekt med Petter Dass langt ute.

Til nokon frå vårt bispedøme er prisen tidlegare gitt til Kjell Magne Bondevik og Edvard Hoem.

Diktaren Eyvind Skeie gav ut ein levande og interessant biografi om Svein Ellingsen i året som gjekk.

Emmausprisen

Prisen gis til forfattarar av kristne bøker med god kvalitet. Prisen for 2009 gjekk til Notto Thelle for boka «Gåten Jesus» og til illustratørar Anne Kristin Hagesæther og Hilde Kramers for «Den store barneboken: Barnas bok om tro, håp og kjærlighet» ved redaktør Grete Rygh, Gyldendal. Ei bok for å gi borna kjennskap til vår kristne kulturarv.

Livsvern

Biskop Halvor Nordhaug etterlyser fleire unge kvinner som vil engasjere seg for livsvern «særlig for det ufødte liv, fordi dette ellers ikke står særlig høyt på agendaen i det offentlige ordskiftet», ut frå at 14 000 påbegynte menneskeliv blir avbrotne kvart år. «Om abortloven ikke endres, er det fortsatt både mulig og nødvendig at kirken appellerer til folks samvittighet.»

Ny bibelutgave

Bibelselskapet utgir en ny bibelutgave, som i tillegg til selve Bibelen har mer enn 150 presentasjonssider i farger, fargerike bilder, letteste tekster, kart, lesetips og fakta som gjør det lettere å bli kjent med Bibelen. Også presentasjon av tolkningsmodeller som skal hjelpe leseren til å tenke sjøl og ta stilling i ulike spørsmål. KPK (Kristelig Pressekontor)

Lausannekonferanse

Ut frå 70 søkjarar er 27 nordmenn valde til å delta på Lausanne-rørslas tredje internasjonale kongress i Cape Town i Sør-Afrika 16.-24. oktober 2010. Det er i stor grad leiarar av kyrkjer og kristne organisasjonar. I tillegg vil ei gruppe på 11 norske ungdommar delta som voluntørar.

Lausanne-rørsla er internasjonal og tverrkyrkjeleg og vart grunnlagt etter den Internasjonale kongressen om verdens evangelisering i Lausanne i Sveits i 1974 med Billy Graham og John Stott som sentrale leiarar under mottoet «Heile evangeliet, heile kyrkja, heile verda».

Kristne innvandrarar

Tre av fem innvandrarar (ca 60 %) kjem frå land der kristendomen er størst som religion, ein av tre kjem frå islamske land. Det katolske Polen er i ei serklasse med 42.471 innvandrarar. Filippinene 11.033. Muslimske innvandrarar er i klart mindretal.

Kyrkjedirektør Jens-Petter Johnsen meiner at dei kan vera ein stor rikdom for arbeidet i kyrkja, sjølv om berre ein liten del av dei er luthersk kristne. Difor er det inngått eit samarbeid med andre kyrkjesamfunn gjennom Norges Kristne Råd i denne saka. Det er ei viktig sak også lokalt å inkludera innvandrarar i kyrkja.

Kantorar

Musikkлина ved Normisjons Høgskule i Staffeldtsgate i Oslo kan no få utdana kantorar som kan tilsetjast i Den norske kyrkja. Men det er dessverre liten søknad til kantorutdanning i landet.

Neste nummer kjem
veke 12. Frist for
innsending av stoff er 01. mars.

Gudstenester i Indre Nordmøre prosti



Høyr kor kyrkjeklokka lokkar med ein høg og heilag klang

Laurdag 13. februar

Stangvik kyrkje kl. 16:00 Konsert m/koret WOK og storband frå Sunndal.

Søndag før faste (Fastelavnsøndag), 14. februar

Joh 12,24-33

Valsøyfjord kirke kl.11:00 Karnevalgudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Nordmøre søndagsskolekrets.

Rindal kirke kl.19:30

Gjøra kapell kl.11:00

Hov kirke kl.11:00

Øksendal kyrkje kl.20:00

Øye kyrkje kl.11:00.

Gjemnes kirke kl.11:00

Onsdag 17. februar

Tingvoll kyrkje kl.20:00

Torsdag 18. februar

Åsskard kyrkje kl.18:00

1. s. i faste, 21. februar

Job 2,1-10

Halsa kirke kl.11:00

Rindal kirke kl.11:00

Hov kirke kl.11:00

Ålvundeid kyrkje kl.11:00

Todalen kyrkje kl.11:00

Øye kyrkje kl.11:00

Øye kyrkje kl.19:30

Øre kyrkje kl.11:00

2. s. i faste, 28. februar

Luk 7,36-50

Halsa prestegjeld:

Rindal kirke:

Hov kirke kl.11:00

Romfo kyrkje kl.11:00

Stangvik kyrkje kl.19:30

Tingvoll kyrkje kl.11:00

Fredag 5.mars

Åsskard kyrkje kl.19:30

3. s. i faste, 7. mars

Luk 4,31-37

Valsøyfjord kirke kl.11:00

Tørsåsloa kl.12:00

Ålvundeid kyrkje kl.11:00

Øksendal kyrkje kl.14:00

Hov kirke kl.19:00

Betania, Bøfjorden kl.11:00

Konsert m/koret WOK og storband frå Sunndal.

Tomasmesse

Storset.

Laskerud. Kirkekaffe

Boye. Prosten. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

Øksendal songlag og årsmøte etterpå.

Høgmesse. Nattverd. L.E. Grutle.

Takkoffer til Sjømannskirken

Familiegudstjeneste. Dahle. Bibelutdeling til 5.-klassingene. Takkoffer til Bibelselskapet. Kirkekaffi.

Forenkla høgmesse Gerd Anne Aarset

Kyrkjekveld for 4,5,6-åringar

Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm.

Takkoffer til menighetsarbeidet.

Høymesse. Takkoffer til Kyrkjebladet

Storset.

Laskerud.

Gudstjeneste. Venås. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Gudstjeneste L.E. Grutle.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Konsert m/ Music Mission

Høgmesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til IKO.

Ingen gudstjeneste.

Ingen gudstjeneste.

Laskerud.

Boye.

Kveldsgudstjeneste. Nattverd. Venås.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Høgmesse. Gerd Anne Aarset

Tonekveld: Kor, fløytekvartett m.m.

Gudstjeneste med stasjonsvandring ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til menighetsarbeidet.

Sportsgudstjeneste.

Boye.

Hovde. Med konfirmanter fra Nesset

Storset. Sanggudstjeneste.

Gudstjeneste. Venås. Takkoffer til Normisjon

Kyrkjelydsårsfest etter gudstjenesta.

Øye kyrkje kl.18:00

Straumsnes kyrkje kl.11:00

Tingvoll kyrkje kl.16:00

Øre kyrkje kl.11:00

Onsdag 10. mars

Todalen kyrkje kl.19:30

4. s. i faste (Midtfaste), 14. mars

Joh 6,24-36

Halsa prestegjeld:

Rindal kirke kl.11:00

Gjøra kapell kl.11:00

Hov kirke kl.11:00

Ålvundeid kyrkje kl.20:00

Øye kyrkje kl.11:00

Tingvoll kyrkje kl.11:00

Gjemnes kirke kl.11:00.

Torsdag 18. mars

Øye kyrkje kl.19:30

Maria budskapsdag, 21. mars

Sal. 113

Halsa kirke kl.11:00

Øvre Rindal kapell kl.11:00

Gjøra kapell kl.11:00

Hov kirke kl.11:00

Ålvundeid kyrkje kl.20:00

Todalen kyrkje kl.11:00

Stangvik kyrkje kl.16:00

Tingvoll kyrkje kl.11:00

Straumsnes kyrkje kl.16:00

Øre kyrkje kl.11:00

Torsdag 25. mars

Øye kyrkje kl.10:00

Palmesøndag, 28. mars

Joh 12,12-24

Halsa kirke kl.11:00

Rindal kirke:

Hov kirke kl.11:00

Øksendal kyrkje kl.20:00

Mo kyrkje kl.11:00

Kyrkjelydshuset, Skei kl.11:00

Stangvik kyrkje kl.19:30

Straumsnes kyrkje kl.11:00

Osmarka kapell kl.11:00

Skjærtorsdag, 1. april

Joh 13,1-15

Halsa kirke kl.19:00

Rindal kirke kl.19:30

Hov kirke kl.19:00

Gjøra kapell kl.20:00

Åsskard kyrkje kl. 19.30

Øye kyrkje kl.19:30

Fastegudstjeneste. L.E. Grutle.

Klimaetikk m/konfirmanter.

Takkoffer til Kirkens Nødhjelps fasteaksjon.

Høgmesse. Gerd Anne Aarset

Høgmesse. Gerd Anne Aarset

Høgmesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til KRIK.

Tonekveld: Kor, instrument.

Ingen gudstjeneste.

Familiegudstjeneste. 4-årsbok.

Takkoffer til Speiderne i Rindal.

Boye.

Laskerud. Kirkekaffe

Liturg: Sangkveld med Øksendal songlag.

Gudstjeneste. G.A.Aarset.

Takkoffer til Søndagsskolen i Nedre Surnadal.

Høgmesse. Cathrine Grutle

Høymesse. Nattverd. Takkoffer til Misjons-

prosjektet. Kirkekaffi. Menighetens årsmøte.

Songkveld / konsert.

Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm.

Takkoffer til menighetsarbeidet.

Familiegudstjeneste. 4-årsbok. Årsfest.

Takkoffer til Søndagsskoleforbundet.

Boye.

Laskerud. Kirkekaffe

Liturg: Sangkveld med Øksendal songlag.

Høgmesse. Nattverd. Venås.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

Folketonekveld. Nordmøre Spelmannslag / Kor

Høgmesse. Cathrine Grutle

Høgmesse. Cathrine Grutle

Familiemesse. Nattverd. Dahle. Barnegospelkoret.

Takkoffer til Barnegospelkoret. Kyrkjekaffi.

Morgonsong v/elevar frå Øye skule.

Familiegudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm.

Takkoffer til Norges søndagsskoleforbund.

Ingen gudstjeneste.

Laskerud.

Boye. Takkoffer til Det Norske Misjonselskap.

Øksendal songlag

Familiegudstjeneste. L.E. Grutle. Utdeling av

4-årsbøker. Takkoffer.

Gudstjenestemøte. Normisjon.

Kveldsmesse. Nattverd. Venås.

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp

Familiegudstjeneste. Cathrine Grutle.

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til Nordm. og

Romsdal indremisjon.

Måltidsgudstjeneste med nattverd ved soknepresten. Takkoffer til Gå ut senteret.

Kveldsmesse. Nattverd.

Takkoffer til menighetsarbeidet.

Laskerud. Nattverd

Storset. Nattverd

Påskesongmesse. Nattverd. Venås. Takkoffer til

Misjonsprosjektet. Kveldsmat

Nattverdsgudstjeneste. L.E. Grutle.

Takkoffer til Kirkens Bymisjon, Trondheim.

Ålvundeid kyrkje kl.20:00	Boye.	Rindal kirke kl.11:00	sokneprest Blomstrøm. Takkoffer til Norsk
Tingvoll kyrkje kl.11:00	Høgmesse. Gerd Anne Aarset.	Hov kirke kl.11:00	Luthersk Misjonssamband.
Gjemnes kirke kl.11:00	Høymesse. Nattverd. Dahle.	Romfo kyrkje kl.11:00	Høytidsgudstjeneste. Takkoffer til Normisjon.
	Takkoffer til Kirkens SOS. Kirkecaffi.	Ålvundeid kyrkje kl.11:00	Storset. Høytidsgudstjeneste.
Øre kyrkje kl.19:30	Høgmesse. Nattverd. Dahle.	Stangvik kyrkje kl.11:00	Boye. Høgtidsgudstjeneste.
Langfredag, 2. april			Laskerud.
<i>Mark 14,26-15,37</i>			Høgtidsgudstjeneste. Venås. Takkoffer til Det
Valsøyfjord kirke kl.11:00	Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm.		Norske Misjonsselskap
	Takkoffer til Kirkens SOS.	Øye kyrkje kl. 11:00	Høgtidsgudstjeneste. L. E. Grutle. Takkoffer til
Øvre Rindal kapell kl.11:00	Langfredagsgudstjeneste.		Møre i misjon
Rindal eldresenter kl.15:00	Gudstjeneste. Nattverd.	Tingvoll kyrkje kl.11:00	Høgmesse. Gerd Anne Aarset.
Hov kirke kl.11:00	Storset.	Øre kyrkje kl.11:00	Høgtidsgudstjeneste. Dahle. Blåsegruppe.
Surnadal sjukeheim kl.11:00	Nattverdsgudstjeneste. L.E. Grutle		Takkoffer til Møre i misjon.
Todalen kyrkje kl.11:00	Pasjonsgudstjeneste. Venås.	Andre påskedag, 5. april	
Øye kyrkje kl.16:00	Konsert: "Jesu syv ord på korset" av J. Haydn	<i>Joh 20,11-18</i>	
Straumsnes kyrkje kl.11:00	Høgmesse. Gerd Anne Aarset	Haugligardane, Todalen kl.12:00	Friluftsgudstjeneste. Venås.
Øre kyrkje kl.11:00	Pasjonsgudstjeneste. Dahle		Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
Påskedag, 4. april		Straumsnes kyrkje kl.11:00	Høgmesse. Gerd Anne Aarset
<i>Joh 20,1-10</i>		Gjemnes kirke kl.11:00	Gudstjeneste. Dahle. Takkoffer til Møre i misjon.
Valsøyfjord kirke kl.11:00	Høytidsgudstjeneste med stasjonsvandring ved		Kirkecaffi.

DØYPTTE — VIGDE — DØDE

Døypete

VALSØYFJORD
13.12. John Smevoll Halvorsen
RINDAL
15.11. Kaspian Løset
15.11. Bastian Børset Bekken
15.11. Mona Løften
15.11. Emil Iversen
29.11. Ingrid Svanem
29.11. Mari Holte
29.11. Silje Nergård Løseth
29.11. Trine Slettvåg Løkås
HOV
29.11. Anneli Furu
ROMFO
29.11. Ellie-Rose Kårvand Ezhno
17.01. Eline Hagen
ØKSENDAL
24.12. Lamun Zion Wågbø Ndiaye
ÅLVUNDEID
15.11. Elvira Stavheim Seljebø
STANGVIK
22.11. Solveig Andersen
22.11. Tora Mo
22.11. Leon Haga
22.11. Arian Nyheim
TODALEN
31.12. Sivert Sogge
ÅSSKARD
15.11. Brynjar Bæverfjord
15.11. Brage Bæverfjord
ØYE
29.11. Magni Schei Hyldbakk
29.11. Arne-Claude Andersen
RANES
22.11. Olav Vaseng
MO
26.12. Sivert Einum Stene
STRAUMSNES
17.01. Oda Eline Einset
TINGVOLL
31.12. Britt Sofie Hjellum
10.01. Silas August Skar Bulling
17.01. Liv Mari Korsrud Gundersen
ØRE
17.01. Jasper Oskar Fritz Seetze

Vigde

STANGVIK
19.12. Linda Angelica Nermark og
Fabian Meszaros Mykland
02.01. Heidi Nergård og Eirik Gjeldnes
MO
05.01. Natalya Vasiljevna Skvortsova og
Rolf Harang
HOV
18.11. Ildri Sandbakken og Tom Solberg
02.01. Hilde Blikås og Kurt Amundø
GJEMNES
31.12. Evy Margrete Gikling og
Christen Bruseth

Døde

RINDAL
23.11. Ingeborg Jonli f. 1923
10.12. Sigrid Berg f. 1933
13.12. Signe Lovise Langli f. 1923
24.12. Oline Moen f. 1913
06.01. Magne Ranheim f. 1940
06.01. Borgny Grøtan f. 1921
HOV
05.11. Ottar Melkild f. 1925
12.11. Anny Johanne Stavem f. 1938
13.11. Olga Bjørsnes f. 1916
21.11. Harald Brekken f. 1938
22.11. Oddlaug Båtnes f. 1921
26.11. Jørgen Grødal f. 1924
26.11. Borghild Mary Unjem f. 1928
01.12. Jenny Hafsås f. 1914
06.12. Eilif Gran f. 1933
09.12. Sigrid Vorren f. 1923
17.12. Gerd Anette Sundseth f. 1924
14.12. Baste Hannisdal f. 1928
19.12. Johanne Ulseth f. 1926
ROMFO
26.11. Liv Gravem f. 1928
28.12. Fredrik Gravem f. 1918
ØKSENDAL
27.12. George Joss Simpson f. 1945

ÅLVUNDEID
22.11. Jørgen Tørset f. 1928
27.11. Guro Walseth f. 1916
19.12. Eli Johanna Halse f. 1943
STANGVIK
09.12. Mali Nes f. 1917
TODALEN
10.12. Gjertrud Gjeldnes f. 1922
ÅSSKARD
08.12. Kari Elisabeth Olsen
Settemsdal f. 1951
ØYE
08.11. Solfrid Johanne
Johansen f. 1926
27.12. Reidar Magne Snekvik f. 1948
01.01. Magda Bjerkan f. 1916
11.01. Peder Sæter f. 1930
RANES
01.12. Alf Settem f. 1945
MO
21.12. Karen Moe f. 1925
STRAUMSNES
9.12. Ellen Rakstang f. 1927
10.12. Nils J Ulset f. 1939
12.12. Charlotte Pauline Ulset
TINGVOLL
08.12. Mari Grete Wågbø f. 1946
09.12. Kjellaug Storset f. 1914
12.12. Ester Bråttvik f. 2010
09.01. Ole Rovik
ØRE
07.11. John J. Gaupseth f. 1938
17.11. Rigmor Rodlie Gjøen f. 1953
21.11. Gerd Angvik f. 1917
17.12. Hans Angvik f. 1912
20.12. Hjørdis Krogtoft f. 1922
31.12. Randi Nilssen f. 1925
04.01. Erling Hoftun f. 1932
06.01. Ingeborg Lindøy f. 1918

ANDAKT

Vår levetid er sytti år

Ved inngangen til Kyrkjebladet sitt jubileumsår vart det naturleg å trekke fram denne teksten frå Salme 90:

*Vår levetid er sytti år,
og åtti år, når styrken er stor.
Deira herlegdom er strev og møde;
snart er det slutt, vi flyr av stad.*

Då salmediktaren skreiv disse orda, var sytti år en alder som få passerte. Takka vere medisinske framskritt og betra sosiale og økonomiske tilhøve, har den forventade levealderen auka i vår del av verda. Likevel står det att som ei sanning at åra flyr, men sjølv om livet fører strev

og møde med seg, er åra våre så verdifulle at det også er rett å omtale deira herlegdom. Lær oss å telja våre dagar, så vi kan få visdom i hjarta!

Slik skriv salmisten vidare. Å leva dei åra Herren har gjeve oss i avklara ro, fram til tida då Gud kallar oss frå liv til liv, det er verkeleg livskunst! *In hora mortis meae voca me, et tube me venire ad te* - kall meg i min dødstime, og la meg kome til deg, lyder det i den katolske nattverdfeiringa. Dette er ei bøn som spring ut av det kristne håpet, ei bøn som ikkje på nokon måte svekker gleda over notida, samstundes som ho overlet framtida i Guds nådige og kjærlege

omsorg.

For på tross av at vi dagleg, gjennom egne opplevingar og nyhende frå verda elles, kan bli minna om kor skjørt livet er, er likevel det potensialet som ligg i eit menneskes liv nesten ubeskriverleg. Mi von er at vi alle, på kvar vår stad og i kvar vår situasjon, blir heilt klar over dette, og nyt kvart avsnitt av liva våre som ei gåve, ei gåve som inneheld løfte for framtida.

*Leif Endre Grutle
prostiprest*

Ønskebrønn

I djupna av ein brønn ligg draumar som ventar på å gå i oppfylling. Salimatou Abdoulaye har ein stor draum for den vesle dotra si.

Livet er blitt ein kamp mot upålitelege naturkrefter for folk i Sahel, beltet som skil det subtropiske Afrika frå Sahara. Dei siste åra har vore prega av auka temperaturar, uregelmessig regn og kortare regntid. Det gjer at avlingar slår feil, vasstanden i elvane går ned og brønner som er gravne ut for hand, tørkar ut.

I Doye er det dei yngste kvinnene si oppgåve å henta vatn. Før brønnen blei bygd midt i landsbyen, var det ofte ein heildagsjobb:

-Vi kunne bruka heile morgonen på å leita etter vatn og likevel gå tomhendte heim, seier 20 år gamle Salimatou Abdoulaye. Dei gjekk opp til tre kilometer til ein stad der det var vatn, berre for å koma fram tørste og slitne og finna ein tørr brønn eller eit vatn som vinden hadde fylt med sand.

-Det var ei stor påkjenning, særleg for dei som i tillegg til vatn bar barn på ryggen. Det hende at nokre blei så utmatta at dei blei sjuke og sende til sjukehus. Eg hugsar det hende eg kollapsa då eg kom heim og orka korkje å eta eller drikka, seier ho.

Kamp mot tid og temperatur

Midt på dagen kan gradestokken krypa opp mot femti grader på det varmaste i områda rundt Bagnadi. Ein gjennomsnittleg



person treng då 15 liter drikkevatt per dag. Leitinga etter vatn tok fullstendig overhand for mange av dei unge kvinnene.

- Mange hadde ikkje tid til å ta vare på borna sine, vi var så opptekne av å finna vatn, minnest Salimatou. Det hende oftare og oftare at dei blei nøydde til å gå heim for å laga lunsj før dei fekk henta vatn. Det hardaste arbeidet starta likevel når dei fann vatn. Dei færreste kan gå tre kilometer med 20 liter på hovudet utan å få hovudverk. Kvinner over heile Afrika er plaga av hovudverk og nakke- og ryggsmertor som resultat av eit liv med tung bær på hovudet. Kirkens Nødhjelp arbeider saman med partnarane våre for å finna betre alternativ:

-Når du set ein 20 liters vasstank på hovudet, kjennest det som om du set han rett på hjernen, seier Salimatou.

Nytt liv

Datoen 05.07.08 er sirleg innskriven i sement på brønnen. Det blei ein dag som fullstendig endra livet til kvinnene i denne landsbyen. Dei hadde fått ein ny brønn.

Brønnen er et samarbeid mellom innbyggjarane i landsbyen, partnarorganisasjonen GRAIP og Kirkens Nødhjelp. GRAIP har fleire prosjekt i området for at lokalfolk kan få sjanse til å tilpassa seg dei uventa endringane i naturen. Kort tid etter at brønnen stod ferdig, blei Salimatou Abdoulaye gravid med det første barnet sitt:

-No har vi nok vatn, ikkje berre til drikke og matlaging, men også til å vaska oss. Det inneber at vi kan ha betre hygiene både for borna våre og oss sjølve. Vi slepp å bli sjuke så ofte, seier ho. Vatnet i brønnen er også mykje sunnare å drikka enn det dei før fann i elva og i handgravne brønner.

Draumar for dotra

Berre hovudet til fire månader gamle Belquisa stikk opp over tørklet som knyter henne til mora sin rygg. Ho har augo halvlukka og blir dyssa i søvn til mora sine rolege, rutinerte rørsler. Belquisa er på



Leitinga etter vatn blei stadig hardare. Før brønnen hadde mange av kvinnene ikkje tid til å ta vare på borna sine. - Vi var heilt besette av å finna vatn, minnest Salimatou Abdoulaye. Foto: Hege Opseth

ryggen heile tida. Når vatn skal hentast, frukost skal lagast, kle skal vaskast, korger og vifter skal flettast og det skal hentast meir vatn.

- Draumen min er at Belquisa skal utdanna seg til å bli lege, seier Salimatou som sjølv aldri har gått på anna enn koranskule. Eg veit ikkje om ho klarar det, men ein må våga å drøyma dei store draumane. Som ei kvar mor ønskjer eg det beste for barnet mitt seier Salimatou Abdoulaye. Ho meiner at ingenting er umogleg så lenge ein tenkjer positivt. I Mali kan vatn frå en brønn gje von og kanskje føra til at draumar går i oppfylling.

Frå Kirkens Nødhjelp



HALSA

Halsa - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38
 Kirkekontoret 71 55 96 39
 E-post kirkeverge:
 kirkeverge@halsa.kommune.no
 Bildet: Halså kirke

Nytt menighetsråd!

Denne gangen er det ikke nok med at det er valgt et nytt råd med bare nye medlemmer. De har og fått nytt navn og nye oppgaver i et nytt sokn! I forbindelse med sammenslåinga av sokna, ble det bestemt at det nye rådet skulle hete Halså menighetsråd. I og med at det nå bare er ett sokn i kommunen, blir det ikke noe eget fellesråd. Det nye rådet får ansvaret både for menighetsarbeidet, arbeidsgiveransvar, økonomi og drift av kirker og kirkegårder. Mange utfordringer og mange muligheter! Dessuten fortsetter de ordninga med å være kirkeverter. De har og bestemt at de vil settes opp som kirkeverter ved begge kirkene slik at de blir kjent med gudstjenestelivet i hele soknet. 2 av medlemmene fra forrige periode har blitt med som forsterkninger i kirkevert-korpset. *EB*



Fra venstre: Lars Indreiten, Inger Karin Foseide, Bjørg Kristin Rødset Otnes (leder), Lars Botten (kommunens representant), Marit Barlaup Rodal, Bjarne Settemsdal (nestleder). Eli Norunn Furnes Fjærli var ikke til stede da bilde ble tatt. Sokneprest Erik Blomstrøm er også medlem, og Dan Harry Lervik, Arnfinn Kristian Melø, Bjørnar Magne Stokke, Ellbjørg Harriet Reiten og Kirsten Haltbakk er varamedlemmer

«Hvis noen hadde spurt meg hvilken bok jeg ville hatt med meg på en øde øy, ville jeg valgt Bibelen. Bibelen er helt sentral i min tro. Kristendommen blir ikke bare en følelse av tro og tilhørighet, men man forholder seg til en skrevet tekst og fortelling som man også skal jobbe med. - Tro er å ikke forstå.»

Paul Erik Wirgenes, avdelingsdirektør i Kyrkjerådet. Arbeider med kyrkjelege reformer, har gitt ut to bøker med tekstgjennomgåing av søndagstekstene for både tekstrekker, set opp tekstene i Bibelselskapets Bibelleseplan for kvar dag i kyrkjeåret, utenom søndagstekstene, som Kyrkjemøtet bestemmer. Har gitt ut boka «Ord for natten», ei bønnebok for den som er ramma av angst, sorg, overgrep og andre smertefulle livserfaringar. «Det er ikke sant at all smerte blir til velsignelse.»

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2010

Tirsdag 23. mars mellom kl.18:00 og 20:00 får dei fleste huslydane i prostiet besøk av konfirmantar eller andre med innsamlingsbøsse.

Før den tid får vi besøk av eit ungdomsteam, Cfc (Communication for change). 11. mars kl.19.00-ca 21.00 er det samling for konfirmantar og foreldre i Surnadal/Stangvik. Rindal får ein konfirmanttime tidlegare på dagen. Det vil også vere ei miljømesse der konfirmantane deltek i løpet



av fastetida.

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2010 set søkjelyset på fattige menneske i møte med flaum, tørke og ekstremvær.

Det vil truleg bli sendt ut informasjon til alle husstandane om aksjonen.

Til 1. søndag etter Kristi åpenbaringsdag.

Erik Blomstrøm

JOHANNES

En villskap ved bredden av Jordan; skjegget tjafset og langt, uflidde krøller til stadighet ned i øynene. Ei tornerevet kamelhårskappe er alt som er mellom han og den brennende heten, mellom han og den isnende ørkennatta. Han er den Elia som skulle komme.

Elva går stille, men ikke stemmen. Ørkenen har trengt inn i orda: Harde som klipper, kvasse som torner, utholdende som den kvite sola, piskende som sandstormene fra sydøst. Her er ingen forskjell: Synd er synd om du er toller eller fariseer. Han er den Elia som skulle komme.

Han er et horn, Herrens vind gjaller i det. Han er et seil, Herrens vind spenner det ut. Han er et rop, Herrens vind bærer det gjennom byene i Juda. Så sier Herren! En malstrøm av refs og bot av vann som renner over synderes hode. Han er den Elia som skulle komme.

Da opprenner Herrens dag. Øynene som alltid søkte, stanser og ser: Guds vilje skjer i himmelen, så og på jorden. Da samler døperen loven og profetene i sin venstre hånd og peker ut det Guds lam som bærer verdens synder.

Døperen fra Jordan, den hellige Johannes fra ørkenen, han er den Elia som skulle komme.



SURNADAL

Øye - Mo - Ranes

Kyrkjekontoret 71 65 70 60
 Telefaks 71 65 70 61
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30
 E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund
 @surnadal.kommune.no
 Biletet: Raness kyrkje - Stangvik kyrkje



Barn lagar jul

Skulebarna er gjerne innoom kyrkja si før jul. Slik også i Stangvik og Åsskard siste veka før jul. Songen tona friskt, gode tekster vart lesne og adventslysa tente. Ved sida av Glade jul og Deilig er jorden har Prøysens Julekveldsvise vorte ein klas-

sikar. I Stangvik-kyrkja måndag framførte elevane frå oppvekstsenteret denne som eit vakkert julespel – med rektor Bjørn Høivik ved pianoet.

Både i Stangvik og i Åsskard var dessutan dei yngste elevane aktørar i ”Barnet i stallen” – eit lite teaterverksted som så å seie gjorde seg sjøl med hjelp av dei fine kostymene som Kyrkjekontoret i Surnadal lånte ut. Flott, ikkje sant?

Tekst/foto: Bernt Bøe



Førsteklassingane frå Stangvik oppvekstsenter laga spontan-teater ...



... og her har dei tre kongane frå Aust-erland funne stallen med Maria og Josef og Jesusbarnet under stjerna i Åsskard kyrkje.

Til Nepal

Ved gudstenesta i Stangvik første søndag i det nye året, openberringsdagen, som er kyrkjas misjonsdag, var det avskjed for Ingvild Venås som sist på januar reiste til Nepal som misjonær og fysioterapeut. Ingvild er utsending for Normisjon til eit tre års engasjement, spesielt for å hjelpa funksjonshemma born i Nepal i samarbeid med organisasjonen Human Development og Community Service, som er ein kristen nepalesisk organisasjon.



Tekst/foto: ERE

Juleoratoriet

Dei siste åra har Bachs kjente og kjære Juleoratorium vore framført i Stangvik kyrkje ved Peder Rensviks imponerande tilrettelegging med Kristiansund Kammerkor og eit profesjonelt orkester og solistar, både norske og utanlandske. Det var også i år eit stort opplegg, som mange føler er ein fin måte å bruka adventstida for å førebu seg til jul.

Tekst/Foto: ERE



Familiefest

Også denne jula arrangerte søndagsskulane i Surnadal familiejuletefester på Eidet bedehus andre juledag. Dette er visst svært populært, for det var fullt hus med mange barnefamiljar. Og programmet var rikt og variert. Ikkje minst var det flotte innslag av Gry og Rune Sæther, som var julegjester med tilknytning til Surnadal, og som er aktive i kristent barne- og ungdomsarbeid på Hamar.

Tekst/Foto: ERE



STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55
Telefaks 71 66 47 01
E-post kirkeverge:
ingeborg.nordlund
@rindal.kommune.no
Bildet: Rindal kirke

Morgonandakten i NRK P1

Mange har kanskje fått med seg at det foregår ei omlegging av morgonandaktane i NRK P1. På fredagar har dette programmet fått ei ny form. Mannen bak det nye andaktsprogrammet «Mot helg» er høttrindalings Helge Gudmundsen.

Vi møtte han under juletefesten på Lomundsjø bedehus tidleg i januar, der han var talar og fortalte om det nye programkonseptet. Han har også tidlegare vore andaktsjef i NRK P1, men dei siste 6 åra har Gudmundsen jobba med religiøse program i fjernsynet. Fra 1. desember i fjor har han så arbeidd fram denne nyskapinga ved sida av arbeid med fornying av dei vanlege andaktane. Begge desse oppgåvene krev kontakt med mange interessante menneske, og Helge Gudmundsen trivs svært godt med dei oppgåvene han har fått.

No blir det altså fire tradisjonelle morgo-

nandakter og ei «Mot helg»-sending på fredagar. Første fredagen kunne vi høre Sigvart Dagsland. Seinere skulle vi få høre mellom andre Svein Ludvigsen – fylkesmann og tidlegare fiskeriminister og songarane Helene Bøksle, Hanne Krogh og Herborg Kråkevik, fortalte han. Somme av desse har kanskje alt vore på lufta.

I andakten har vi alt hørt tidlegare TV2-pastor Egil Svartdal. I februar får vi høre Rune Larsen, og seinare kjem filosofen Henrik Syse.

Vi må sjølvstakt ikkje gløemme at han fortsatt har programmet «Salmer til alle tider», som han nå har leda i 17 år. Mange er faste lyttarar til dette programmet om søndagskveldane.

Tekst/foto: OleT-Trollheimsporten



Menighetsskolen i Rindal

18. februar: "Jesu kamp for oss" - fastemeditasjon gjennom ord og musikk - ved Nils Joralf Stavne Kl 19.30 i Rindal kirke

11. mars: Temakveld: Jesus sier: Mitt rike er ikke av denne verden - Politikk på prekestolen - ved Odd Bondevik Kl 19.30 på Rindal bedehus.

Barneforening

Vi starter på igjen med barneforening!

Barneforeningene er på Rindal bedehus fra kl 17.00 – 19.00 på mandager

Her er datoene for våren:

mandag 18. januar
mandag 15. februar
mandag 15. mars
mandag 19. april
mandag 31. mai

På Barneforeninga skal vi:

- Syngje
- Lære om Jesus
- Ha utlodning
- Spise
- Leke og gjøre andre aktiviteter

Ta med kopp!

Velkommen til alle fra 4 år til 4. klasse!

Hilsen Randi, Arnhild, Britt og Inghild



Klipping er artig!

Foto: AFF

Norsk Luth. Misjons-samband, Surnadal:

Vintermøte 6.-7.februar

Laurdag kl. 17.30: Bibeltime
kl. 19.30: Misjonskveld. Eidet bedehus.
Søndag kl. 11.00: Møte på Kyrkjelydshuset,
kl. 15.00: Misjonsfest, Eidet bedehus.
Talar: Gunnar Elstad.

Inge Ulstein syng og talar på møte på Eidet bedehus 2. - 4.mars.

Song-og musikkveld på Eidet bedehus fredag 16.april kl. 19.00
Temakveld.

Kvinnenes internasjonale bønadedag

Som vanleg er kvinnenes bønadedag første fredag på mars, i år 5. mars.

Det er ein dag da kristne kvinner over heile verda, i meir enn 170 land og regionar, samlast til bibellesing, andakt og bøn over same tema.

I år er det kvinner i Kamerun som har sett opp programmet med tema:

Alt som har ande, skal lova Herren.

I Surnadal blir det samling på Kyrkjelydshuset fredag 5. mars kl 18:00.



Under gudstenesta i Åsskard kyrkje i haust visualiserte konfirmantane teksta om den lamme mannen som blir firt ned til Jesus gjennom taket. Fullt så dramatisk var det ikkje i kyrkja, men konfirmantane illustrerte det på ein fin måte.

Kyrkjeliv og kultur i 70 år:

Kyrkjebladet jubilerer

I over 70 år har Kyrkjebladet vore fast gjest i heimane på indre Nordmøre - hos dei fleste ein kjær og velkomen gjest.

Eit felles soknerådsmøte i Stangvik vedtok i 1939 å prøve oppstart av "Kyrkjeblad for Indre Nordmøre". Den 16. oktober vart det utsendt eit prøve-nummer i 2000 gratisseksemplar. Første ordinære nummeret kom i januar 1940. Responen var god - i 1941 har bladet 1600 betalende abonnentar. Årsprisen for 12 nummer var 1 krone.

Sunndals-presten *Sigurd Opdahl* var initiativtakar og første redaktør. - *Kyrkjebladet for Indre Nordmøre skal bli røynd!* skriv han optimistisk og oppmodar folk til å "kjøpa den laglege tid, for dagane er vonde". Han sikta til krigen som alt herja i Europa.

Frimodig

Krigsalvoret prega sjølvsgatt bladet denne tida: - *Åsskard kirke har ved bombenedslag i nærheten fått slått ut alle vinduer på den ene side*, las ein i juni 1940. Oppropet frå m.a. biskop Berggrav og professor Hallesby om "Kristent samråd for Den norske kirke" stod å lesa same hausten. Stangvik-prest Stoltenberg skriv om kringkastinga sin påverknad og átvarar mot propaganda som "ikkje gjer godt".

Bladet talar overraskande frimodig andsynes okkupasjonsmakta - med titlar som "Me vinn med Herrens våpen", oppmoding om å stå "ubøyeleg overfor alle ytre makter" og ein olsoksalme (av Bjarne Slapgard) som talar om "framand makt og folkesvik" og endar med "Når Noreg høyrer Kristus til, lat møta oss kva møta vil!" Det vart i sterkaste laget: Til jul 1942 kom det ikkje noko kyrkjeblad til heimane på indre Nordmøre. Okkupasjonsmakta forbaud utgjeving - med eit krasst brev underskrive "Heil og sæl. Carsten Amundsen".

Aktuelt

Men etter frigjerings i 1945 er bladet igjen hos lesarane -

med bilete av kong Haakon VII under tittelen "Norge er fritt". Sjå jubel-utgåva på biletet!

Her er den tids logo med hovudkyrkjene i dei daverande sju prestegjelda - teikna av ukjend kunstnar. (Øksendal var eige prestegjeld den gongen.)

Blar vi gjennom gamle årgangar, finn vi både opplysande, tankevekkjande og somtid merkelege innlegg. I 1945 byggjer dei bedehus på Årnes. Rindalspresten rosar ungdommen "fordi eg i heile jula ikkje såg ein full eller påverka mann". Vinteren 1946 er det stor vekkjing i Bøfjorden og i det nye bedehuset på Årnes.

"Blir Aura utbygd?" spør bladet i 1947. Same året innfører Øye nynorsk liturgi. Stangvik-prest og redaktør Stoltenberg er aktiv - med kulturstoff, barnespalte (*Onkel Sverre*) og oppmoding til større nattverd-taking.

"Prevensjonslova" - om kondomar til norske soldatar - vekkjer storm. Biskop Fjellbu gjestar Rindal i 1948, også med overhøring: "Alle barn over 10 år møter til samtalen". Under overskrifta "Tippegalskapen" heiter det at "en djevel er sluppet løs". Enno i 1949 er det papir-rasjonering, så bladet må seie nei til fleire abonnentar.

Da Rindal kjøpte orgel til både kyrkja og kapellet, sprakk budsjettet: 37.000 kroner vart til 55.000! Den blinde dikteren *Mathias Orheim* gjesta bygdene i 1949, song og spela glasharmonika. Og Rindals-konfirmantane var på St.Hans-tur til Haugestra. Ei av jentene (G.I.M. - Kven var det?) skreiv:

Hver gutt og hver jente som går for presten, er alle med for å lage fest. To kokker er det nå og forresten, foruten Jendem, vår sokneprest.

Kulturhistorie

Vi går vidare med 7-mils-støvlar gjennom bladet si historie. *Ole Hallesby* sin berømte radiotale 25. januar 1953, der han nemner helvetet, blir kom-



mentert i påskenummeret. Og i juni same året er Hallesby sjølv her - på Høgtun i Øre, Øksendal, Hov, Todalen, Stangvik, Straumsnes, Tingvoll og Raner - og talar i kyrkjene. Elles blir gudstenesta i Rindal 26. juli sendt på NRK-riksnettet. Edvard Bræin innvier nyorgelet i Øksendal 1. august 1954.

Kyrkjefolk reiser for halv pris med Kvenna-ferja! Mange sokn set no opp fast kyrkjebuss - noko som truleg bidreg til den store auken i kyrkjesøking somme stader. Lille Rindal hadde i 1957 til saman 555 nattverdgjester. Og Tingvoll prestegjeld rekna 720 til altars og eit samla takkoffer på 7.236 kroner!

"Er det synd å danse? Og er det gale å vere i lag med jenter (!) når ein skikkar seg som folk?" Slik formulerte leir-avisa eit tema på konfirmantleiren i Åsskard 1956. Referatet fortel om fin og open samtale om slike emne og om frisk leir med fjelltur, fjordbading og fine ungdomskveldar.

Andakten har vore godt synleg i Kyrkjebladet. Den og andre ytringar (som regel frå prestar) er jamnt godt og treffande skrive - oftast med varhet og omsorg: "Døm ikke!" - "Kjærleik" - "Vi for alle vilt" - "Under barmhjertighetsens lov" - "Gåter og svar" - "Våren er kommet. Takker vi?" - "Tilskuer eller tilbeder?"

Proporsjonane undrar oss ofte ved at nokså ubetydelege

saker får store oppslag. Sterk personfokusering synest problematisk i eit kyrkjeleg blad - sjøl om mange fortente ros. Gratulasjonar og minneord tek gjerne stor plass. Derimot står ofte gudstenestelista utan namn på presten. *Tekst Bernt Bøe.*

- Meir i neste nummer.

Kyrkjeblad for Indre Nordmøre

Utgjevar:
SOKNERÅDA PÅ INDRE NORDMØRE

REDAKTØR:
Einy Rendal Elgsæther
6645 Todalen
☎ 71 66 02 81

E-post: einyre@gmail.com

REDAKSJONSSEKRETÆR:
Ole Trygve Foseide
☎ 976 82 829
E-post: kyrkjeblad@gmail.com

BLADPENGAR:
Frivillig kontingent
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre
Kontor Service A/S
Postboks 72
6630 Tingvoll
Bankgironr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP.:
Vullum Design as
☎ 71 66 50 80
E-post: post@vullumdesign.no
6657 Rindal

TRYKK:
Wennbergs Trykkeri AS
☎ 72 88 98 00
7075 Tiller